

Fra: Gunn Totland Moss [FV-iPad] <gunn.totland.moss@folkevald.samnanger.no>

Sendt: torsdag 28. november 2019 11:00

Til: Knut Harald Frøland <knut.harald.froland@samnanger.kommune.no>

Emne: Interpellasjon frå Krf

Samnanger som forsøkskommune for «Fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år»

Familiane sin økonomi skal ikkje stå vegen for at barn skal bli en del av fellesskapet og oppleve meistring og inkludering. Å ha høve til å ta del i fritidsaktivitetar, vert for mange opplevd å medverka til klasseskille, pga økonomiske utfordringar. Barna si fritid er og i større grad organisert i dag enn tidlegare.

Krf har fått gjennomslag i Regjeringa for at alle barn og unge mellom 6 og 18 år skal få eit fritidskort, som inneber betaling for fritidsaktivitetar. Det er sett av 60 mill i statsbudsjettet til utprøving i 2020. Island har god erfaring med denne ordninga. Grunnsummen for kvart barn er sett til kr. 2000, men kan aukast opp av den einskilde kommune. Kommunar kan no søkja om å verta forsøkskommune for utprøving, slik at ein kan finna ein modell som kan høva for heile landet.

Krf oppmodar Samnanger kommune å søkja om å vera med i forsøksordninga.

Samnanger Krf
Gunn Totland Moss

Sendt fra min iPad